



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 32/2021

Møtedato: 01.09.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S 650, Grønsenn – Ulovleg plassering av uthus/skåle

Margit Bratvold søkte i 2018 om ny skåle/alternativt utleigehus.

Det var i møte den 28.08.2018, sak 21/2018 fatta følgjande vedtak:

Fjellstyret avslår søknad om å få føre opp utleigehus då det ikkje er heimel for det etter §11 i stølsforskrift. Fjellstyret gir etter §11 løyve til å føre opp skåle/utedo på vilkår av at det blir med ei ny tomt som oppfyller kravet om meir kompakt tunløysing. Fjellstyreleiaren blir gjeven fullmakt til å godkjenne ny tomteplassering. Det er vidare krav om at søkjaren må rette seg etter eventuelle merknader frå fylkeskommunen om utforming av bygget. Det er vidare eit krav at det midlertidige sælet øvst på jordet må fjernast før bygging kan ta til.

Ved kontroll viser det seg at bygget er ført opp der det var omsøkt, men ikkje godkjent. Poenget med vedtaket som flytter plasseringa er nettopp det å sikre ein betre tunform, noko den plasseringa bygget no står på ikkje gjer.

Det er komme inn følgjande forklaring på kvifor bygget vart plassert slik:

Eg viser til brev om plassering av bl.a uthus på stølen.

Eg må beklaga på det sterkeste at eg har plassert dette uthuset der det står.

Eg ser at det er fjellstyrer som skal peike ut plassen.

Eg har nok hatt det altfor travelt, og rett og slett ikkje fått med meg dette, eg har gjorde mykje av snikkararbeidet sjølv, så det har vore mange og lange daga.

Det er støypt grunnmur, delvis heil plate under dette uthuset.

Eg spør derfor fint om fjellstyre kan godkjenne plasseringa der uthuset no står.

Eg har prata med leder i fjellstyre Lars Kvissel om dette.

Når det gjeld dagens bruk av området, så er blir det ein fin uteplass for servering ved huset som eg skal ha servering i. Det er tenkt å ha utebord og krakkar der.

Eg er svert lei meg for dette.

Eg har heile tida meint at eg skulle forhalda meg til lover og regler, men her har det glippa for meg.

Eg har i haust sett ned rundt 300 kvitlauk på stølen, og håpar at ikkje reinen har øydelagt for meg att. Det har skjedd 2 år på rad. Denne type lauk er vorten veldig etterspurt, og har levert såfrø på ulike kantar her i landet.

Fra gamalt hadde tanta mi turistar i pensjon her, det var 2-3 som var stamgjester her, dette var ekstrainntekta hennar.

Ellers koker eg treak, og har hatt ei omsetning på kr 41260 i 2020 dette er inkl 15% moms. Råvare finn eg på stølen.

Dette som ei lita orientering.

Eg søker derfor om at uthuset får behalde plasseringa si som det står.

Vennlig helsing

Margit Bratvold

Fjellstyret har vore på synfaring den 07.06.2021 saman med stølsbrukaren, og sett på dei faktiske forholda. Stølsbrukar har hatt moglegheit til å legge fram sitt syn på saka.

Hovudpoenget i denne saka dreier seg om feil plassering, men ein registrerer at det er gjennomgåande pipe på dette uthuset/skåle. Ein kan vanskeleg sjå at det er naudsynt med oppvarma rom i skåle, så dette vert og eit tema i denne behandlinga.

For at fjellstyret skal kunne kjøre likebehandling, er det viktig at dei vedtak ein gjer ikkje får negativ presedens. I denne saka er det då viktig å vurdere den langsiktige verknaden i høve til andre tilsvarannde saker.


Når det gjeld godkjent plassering, var det tydeleg uttrykt i vedtaket at omsøkt plassering ikkje vart godkjent, grunna mangel på tunform. I tillegg til tunform bør ein og sjå på funksjon, både til bruk for serveringsstaden og til eige bruk knytt til sælet. Det vart på befaring forklara at feilplassert uthus/skåle og er toalett for besökande i tillegg til m.a. utstillingslokale for lokale produkt for sal.

Administrasjonen finn av omsyn til likebehandling for andre, at ein ikkje bør godkjenne dette uthuset/skåle der det no er plassert. Dette gjev ikkje tunform, og i praksis har ei plassering så langt unna sælet medført 2 nye bygg som heller ikkje er omsøkt. Dette er nytt aggregathus mellom sælet/serveringsstaden, og eit nytt uthus/skåle nord for sælet.

Denne funksjonen desse 2 nye bygga har, burde vore dekka av det bygget som vart feilplassert, dersom det hadde vært plassert i ein tunform knytt til sælet.

Ein skjønner for så vidt behovet for ein eigen utedo for besøkande til serveringsstaden. Dette må ein og finne ein løysing på i denne saka.

Administrasjonen tilrår flytting, og slik det vart sett på ved synfaring i juni burde det vere plass til dette bygget der det no er sett opp vedskåle tilknytta sælet. Det inneber at det vesle bygget som fungerer som vedskål som ikkje er omsøkt må takast bort. I utgangspunktet burde det og gjelde for aggregatbu som heller ikkje er omsøkt, men nesten ferdigbygd. Uansett vil både funksjon for aggregat og vedskåle kunne fungere i det bygget som vert flytta til ny plassering.



Dersom dette vert gjennomført står det att å fylle funksjon med utedo til serveringsstaden. Administrasjonen finn at for å fylle denne funksjonen kunne ein tillate at aggregathuset vert stående, men gjort om til utedo for besøkande til serveringsstaden så lenge den er i drift. Dersom drifta til serveringsstaden opphører må denne eventuelt vurderast fjerna. Dette er avklara med Statskog på telefon.

Det bør setjast eit krav om tidsramme for slik flytting, og sidan det er såpass seint på året no bør det gjevast frist til eks 1. august 2022 slik at ho har heile sumaren til neste år med å flytte bygget.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner plassering av feilplassert bygg på nordsida av oppført sæl, jfr kart i saka. Dette bygget skal vere plassert på riktig stad innan 01.08.2022. Ein godkjenner samtidig allereie oppført aggregathus dersom dette vert gjort om til utedo i samband med drift av serveringsstad. Dersom drift av serveringsstaden opphører må utedoen fjernast.

Feilplassert bygg er allereie godkjent i tidlegare sakshandsaming og inngår ikkje i dette vedtaket, men plassering inngår og er heimla i stølsforskriften § 11. Ein presiserer at tidlegare godkjent bygg er definert som skåle/utedo, og kan ikkje ha rom med pipe.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner plassering av feilplassert bygg på nordsida av oppført sæl, jfr kart i saka. Dette bygget skal vere plassert på riktig stad innan 01.08.2022. Ein godkjenner samtidig allereie oppført aggregathus dersom dette vert gjort om til utedo i samband med drift av serveringsstad. Dersom drift av serveringsstaden opphører må utedoen fjernast.

Feilplassert bygg er allereie godkjent i tidlegare sakshandsaming og inngår ikkje i dette vedtaket, men plassering inngår og er heimla i stølsforskriften § 11. Ein presiserer at tidlegare godkjent bygg er definert som skåle/utedo, og kan ikkje ha rom med pipe.

Samrøystes vedteke

Generelle reglar om fjellstyreveidtak:

Etter § 10 i fjelova tek fjellstyreveidtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjelova, jf. §10 i fjelova . Etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 02.09.2021

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar
Statskog
Vestre Slidre kommune